



Eva Styve
Hjelmåsen 37
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6480 - 16/28537

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
18.10.2016

Tilbakemelding på spørsmål om løyve til tilkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg - gbnr 202/108 Hjelmås

Lindås kommune viser til diverse brev og e-postar frå dykk, vedkomande avklaring kring tilkopling til offentleg vass- og avløpsanlegg til eigedommen gbnr 202/108. Lindås kommune gav i vedtak datert 15.01.2013 løyve til tilkopling til offentleg vatn og avløp til eksisterande hytte.

Spørsmåla frå dykk i denne saka har i hovudsak vore verknad av manglande grunneigaravtale for borehol og påkopling til offentleg vatn- og avløp.

Det følgjer av Lindås kommune sine Administrative bestemmelser for standard abonnementsvilkår for vatn og avløp punkt 2.3, at det ved søknad om tilknytning «kan kreves vedlagt tinglyst erklæring for følgende forhold:

- At det er innhentet tillatelse til å legge, drifte/vedlikeholde og skifte ut private vann- og avløpsanlegg på andres eiendom».

På bakgrunn av dette har Lindås kommune ein heimel til å krevje tinglyste erklæringar lagt fram ved søknad om tilkopling. Ordlyden «kan» tilseier at dokumentet skal kunne leggst fram i den grad kommunen ber om dette. Risikoen for at dei privaterettslege forholda ikkje er på plass, ligg på søkjar.

I denne saka har ikkje kommunen krevd at grunneigaravtale vert lagt fram. Vi kan ikkje sjå at dette har betydning for vårt vedtak om tilkopling til offentleg vatn og avløp. På same måten som vårt vedtak om tilkopling ikkje har betydning for det privaterettslege forholdet mellom partane.

Eventuell usemje mellom partane om privaterettslege forhold er eit forhold som ikkje vedgår Lindås kommune, og må løysast av partane sjølv.

Saka vert med dette avslutta.



Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sylvia Judit Staff

Bølgebakken 11 6507

KRISTIANSUND N

Mottakarar:

Eva Styve

Hjelmåsen 37 5915

HJELMÅS

Geir Styve

Hjelmåsen 37 5915

HJELMÅS